



Innst. S. nr. 108

(2008–2009)

Innstilling til Stortinget frå justiskomiteen

St.prp. nr. 21 (2008–2009) unntatt kap. 456 og 3456

Innstilling frå justiskomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2008 under Justis- og politidepartementet

Til Stortinget

1. SAMANDRAG

1.1 Innleiing

Justis- og politidepartementet legg i proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet for 2008. Endringsforslaga på nokre av dei regelbundne postane er mellom anna baserte på rekneskapstal pr. 30. august 2008. Departementet vil understreke at tala for forbruk på dei regelbundne postane berre er prognosar, og at dei endelege rekneskapstala kan avvike ein del frå desse prognosane.

1.2 Forslag om endringar

Kap. 410 Tingrettane og lagmannsrettane

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten dekkjer faste og variable lønsutgifter, samt lønsutgifter til tilkalla og ekstraordinære dommarar og øvrige ordinære driftsutgifter.

Finnmarkskommisjonen blei oppnemnd ved kongeleg resolusjon 14. mars 2008 og er operativ frå hausten 2008. Oppnemninga av Utmarksdomstolen vil utstå noko sidan det ikkje vil vere høve til å reise sak inn for domstolen før kommisjonen har avslutta kartlegginga av eksisterande rettar i det første utreingsfeltet. På grunn av forseinkinga foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga på kap. 410 post 1 med 4 mill. kroner.

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten dekkjer utgifter som etter rettsgebyrlova er medrekna i rettsgebyret. Forbruket på posten er knytt til talet på og omfanget av saker og er derfor ikkje styrbar.

På bakgrunn av erfaringstal, rekneskapstal hittil i år og venta utvikling foreslår Justisdepartementet å auke løyvinga på kap. 410, post 21 med 4 mill. kroner.

Kap. 3410 Rettsgebyr

POST 1 RETTSGEBYR

Løyvinga på posten dekkjer inntekter frå gebyrpliktige oppgåver i domstolane i samband med sivile saker, skjønn, skifte, konkurs m.m. Inntektene er regelstyrte.

På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og venta utvikling foreslår Justisdepartementet å auke løyvinga på kap. 3410 post 1 med 30 mill. kroner.

Kap. 3412 Tinglysingsprosjektet

POST 2 GEBYRINNTEKTER, TINGLYSING I FAST EIGEDOM

Posten er nyoppretta i 2008 og skal dekkje inntekter frå tinglysing i fast eigedom ved Statens kartverk.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga på kap. 3412 post 2 med 57 mill. kroner.

Kap. 413 Jordskifterettane

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten dekkjer sideutgifter som jordskifterettane har heimel til å krevje inn i visse saker.

Justisdepartementet har fått meirinntektsfullmakt til å overskride løyvinga på kap. 413 post 21 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3413 post 2. Justisdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 413 post 21 med 1 mill. kroner ettersom inntektene på kap. 3413 post 2 er venta å bli lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga, jf. omtale under kap. 3413 post 2.

Kap. 3413 Jordskifterettane

POST 2 SIDEUTGIFTER

Løyvinga på posten dekkjer inntektene som jordskifterettane har heimel til å krevje inn i visse saker.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 413 post 21 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3413 post 2. Inntektene på posten er venta å bli 1 mill. kroner lågare enn gjeldande løyving for 2008. Justisdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 3413 post 2 med 1 mill. kroner, jf. omtale under kap. 413 post 21.

Kap. 414 Forlikråd og andre domsutgifter

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga dekkjer godtgjering og tappt arbeidsforteneste til meddommarar, lagrettemedlemmer, vitne og rettsvitne og reiseutgifter til desse. Posten dekkjer også utgifter til vitne som møter eller på anna måte forklarar seg for Kommissjonen for begjæring om gjenopptaking av straffesaker samt nødvendige blodprøver/DNA-testar i kommissjonen sitt arbeid.

På bakgrunn av rekneskapstal, erfaringstal og venta utvikling foreslår Justisdepartementet å auke løyvinga på kap. 414 post 1 med 18 mill. kroner.

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga dekkjer utgifter til godtgjering til medlemmer av forlikråda og kompetansehevande tiltak i form av kurs.

På bakgrunn av erfaringstal, rekneskapstal hittil i år og venta utvikling blir det foreslått å auka løyvinga på kap. 414 post 21 med 3 mill. kroner.

Kap. 5630 Aksjar i Norsk Egedomsinformasjon as

POST 85 UTBYTTE

Gjeldande løyving på posten i 2008 er 8,1 mill. kroner. På generalforsamlinga til Norsk Egedomsinformasjon våren 2008 blei det vedteke eit utbytte på 12,64 mill. kroner for rekneskapsåret 2007. På denne bakgrunn blir det foreslått å auke løyvinga på kap. 5630 post 85 med 4,54 mill. kroner.

Kap. 430 Kriminalomsorga si sentrale forvaltning

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten dekkjer ordinære driftsutgifter i kriminalomsorga.

Justisdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 430 post 1 med 2,4 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon i løyvinga på kap. 430 post 21.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430 post 1 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3430 post 3. Ettersom inntekter frå sal og tilskot i 2008 er venta å bli høgare enn lagt til grunn for løyvinga i 2008, foreslår Justisdepartementet å auke løyvinga på kap. 430 post 1 med 6,765 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3430 post 3.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430 post 1 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3430 post 4. Som følge av at tilskot frå Utanriksdepartementet til internasjonalt fengselssamarbeid i 2008 er lågare enn lagt til grunn for løyvinga for 2008, foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga under kap. 430 post 1 med 108 000 kroner.

Samla foreslår Justisdepartementet å auke løyvinga på kap. 430 post 1 med 9,057 mill. kroner.

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER, KAN NYTTES UNDER KAP. 430 POST 1

Posten omfattar utgifter arbeidsdrifta har til materiale, vanleg utskifting av mindre maskiner og utstyr, kursing av tilsette retta mot hjelpemiddel brukt i arbeidsdrifta, samt vedlikehald og drift av maskinparken. Arbeidspengar til dei innsette inngår også i løyvinga.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430 post 21 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3430 post 2. Inntektene under kap. 3430 post 2 er venta å bli 5,894 mill. kroner høgare enn lagt til grunn for løyvinga for 2008. Justisdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 430 post 21 med 5,894 mill. kroner.

Meirutgiftene i samband med arbeidsdrifta på kap. 430 post 21 er venta å bli lågare enn meirinntekta på kap. 3430 post 2. Justisdepartementet foreslår derfor å omdisponere 2,4 mill. kroner frå kap. 430 post 21 til kap. 430 post 1.

Samla foreslår Justisdepartementet å auke løyvinga på kap. 430 post 21 med 3,494 mill. kroner.

POST 60 REFUSJONAR TIL KOMMUNANE, FORVARINGSDØMTE O.A., KAN OVERFØRAST

Løyvinga på posten dekkjer refusjonar til kommunale omsorgstiltak for prøvelauslating frå forvaring, psykisk utviklingshemma med sikringsdom og varetektssurrogat.

På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og oppdatert prognose foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga på kap. 430 post 60 med 7 mill. kroner i 2008. Dette skuldast forseinkingar i enkeltsaker som gir utsetjing i utbetaling av refusjonar.

Kap. 3430 Kriminalomsorga si sentrale forvaltning

POST 2 INNTEKTER FRÅ ARBEIDSDRIFTA

Løyvinga på posten dekkjer inntekter frå sal av arbeidsdrifta sin produksjon.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430 post 21 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3430 post 2. Basert på rekneskapstal og prognosar er inntektene på kap. 3430 post 2 venta å bli 5,894 mill. kroner høgare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2008. Justisdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 3430 post 2 med 5,894 mill. kroner.

POST 3 ANDRE INNTEKTER

Løyvinga på posten dekkjer bl.a. leigeinntekter for teneste- og leigebustad, refundert kost og husleige samt klientavhengige driftstilskot til overgangsbustadane.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430 post 1 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3430 post 3. Inntektene frå sal og tilskot på kap. 3430 post 3 er venta å bli 6,765 mill. kroner høgare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2008. Justisdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 3430 post 3 med 6,765 mill. kroner.

Løyvinga på posten vart auka med 11 mill. kroner i 2008 pga. venta inntekt ved eigedomssal i Østensjøvegen. Netto salsinntekt blei 7,799 mill. kroner, noko som medfører at salet har gitt ei mindreinntekt på 3,201 mill. kroner. Justisdepartementet foreslår på denne bakgrunn å redusere løyvinga på kap. 3430 post 3 med 3,201 mill. kroner.

Samla foreslår Justisdepartementet å auke løyvinga på kap. 3430 post 3 med 3,564 mill. kroner.

POST 4 TILSKOT

Løyvinga dekkjer tilskot til deltaking i internasjonalt fengselsamarbeid.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430 post 1 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3430 post 4. Ettersom tilskot frå Utanriksdepartementet til internasjonalt fengselsamarbeid er lågare enn det som blei lagt til grunn for løyvinga i 2008, foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga på kap. 3430 post 4 med 108 000 kroner.

Kap. 432 Kriminalomsorga sitt utdanningscenter

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga dekkjer lønsutgifter til skulens personale, løn til aspirantar og utgifter til drift og husleige til skulebygningen.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 432 post 1 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3432 post 3. Justisdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 432 post 1 med 770 000 kroner på grunn av at inntektene på kap. 3432 post 3 er venta å bli lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga i 2008.

Kap. 3432 Kriminalomsorga sitt utdanningscenter

POST 3 ANDRE INNTEKTER

Løyvinga omfattar mellom anna inntekter frå aspirantane sin del av skulebøker og studietur. Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 432 post 1 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3432 post 3. Basert på rekneskapstal og prognosar er inntektene på kap. 3432 post 3 venta å bli 770 000 kroner lågare enn det som er lagt til grunn i løyvinga for 2008. Justisdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 3432 post 3 med 770 000 kroner.

Kap. 440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten

POST 1 DRIFTSUTGIFTER, KAN NYTTAST UNDER KAP. 441 POST 1

Løyvinga dekkjer alle ordinære driftsutgifter ved Politidirektoratet, politidistrikta (ikkje Oslo politidistrikt), politireserven og politiet sine særorgan (ikkje Politihøgskolen).

Det er venta ei auke i talet på produserte pass på 60 000 stk. Dette vil gje auka utgifter på til saman 16,5 mill. kroner basert på ein einingspris på 275 kroner. På denne bakgrunn foreslår Justisdepartementet å auke løyvinga på kap. 440 post 1 med 14,3 mill. kroner.

Drift og investeringar

I juni 2008 leverte Politidirektoratet rapporten "Politiet mot 2020 – Bemannings- og kompetansebehov i politiet". Rapporten foreslår ei bemanningsauke i politi- og lensmannsetaten med 2 700 polititene- stemenn og 1 000 sivile stillingar innan år 2020. I St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Justisdepartementet har Regjeringa følgd opp dette forslaget ved at opptaket ved Politihøgskolen er auka til 552 studantar. Det er også foreslått å auke talet på sivilt tilsette. På grunn av at opptaket på Politihøgskolen har vore lågt i mange år, er det ikkje mogleg å auke talet på polititene- stemenn på kort sikt. Det er derfor viktig at

driftsbudsjetta til politidistrikta mellom anna gjev rom for å tilsetje sivile slik at politiutdanna tenestemenn kan frigjerast til operativt politiarbeid.

Politidirektoratet oppgjev eit meirforbruk på 3,7 mill. kroner til drift av eksisterande valdsalarmar samt ein kostnad på 7 mill. kroner til anskaffing og forbetring av nye alarmar. Samla meirbehov er såleis 10,7 mill. kroner. I tillegg er utgiftene til biometri og utvikling av eit operativsystem for den elektriske brikka i passet blitt høgare enn budsjettert. Meirutgiftene er på 19,4 mill. kroner. Justisdepartementet foreslår på denne bakgrunn å auke løyvinga på kap. 440, post 1 med 30,1 mill. kroner til drift og investering.

Under kap. 440 og kap. 441 foreslår Justisdepartementet samla ei tilleggsløyving på 46,6 mill. kroner. Løyvinga dekkjer i utgangspunktet ugifter til produksjon av pass, valdsalarmar og produksjon av pass med biometri. Dette vil føre til at politidistrikta får auka løyvingane til drift i 2008. Politidirektoratet vil frigjere reservar som ellers skulle ha blitt brukt til desse investeringane, og fordele dette til distrikta. I den seinare tid har det vore ei stor utfordring for bemanninga i politiet at polititeneestemenn i større grad enn tidlegare uttrykkjer eit ønskje om å verne om fritida si. Politimeistrane melder om ein vanskeleg driftssituasjon. Tilleggs-løyvinga vil betre denne situasjonen.

Samla foreslår Justisdepartementet å auke løyvinga på kap. 440 post 1 med 44,4 mill. kroner i 2008.

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER

Posten dekkjer sideutgifter som politi- og lensmannsetaten har i samband med asylsaker, under dette utgifter til uttransportering i asylsaker og andre utlendingssaker.

Gjeldande løyving på posten er 74,9 mill. kroner. Rekneskapa på posten viser eit forbruk på 35,2 mill. kroner pr. 31. august 2008. Forbruket har vore lågt 1. halvår 2008. Forbruket 2. halvår er venta å bli ein del høgare, mellom anna som følgje av fleire transportar utanfor Europa, auke i arbeidet med ID-fastsetting samt meir bruk av tvang ved uttransporteringar.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga på kap. 440 post 21 med 5 mill. kroner.

Kap. 3440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten

POST 1 GEBYR

Posten dekkjer inntekter frå gebyr for pass og våpenløyvingar.

Det vert vist til omtale under kap. 440 post 1 om auka passproduksjon med 60 000 pass. Rekne-

skapstal viser også ei svak auke i inntektene frå våpengebyr. Samla viser prognosane bygd på produksjons- og rekneskapstal ei auke på 24,2 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2008. Justisdepartementet foreslår såleis å auke løyvinga på kap. 3440 post 1 med 24,2 mill. kroner.

POST 6 GEBYR – UTLENDINGSSAKER

Posten dekkjer gebyr ifm. statsborgarskap, familieinnvandring og arbeids-, busettings- og utdanningsløyver.

På bakgrunn av erfaringstal, rekneskapstal hittil i år og venta utvikling foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga på kap. 3440 post 6 med 20 mill. kroner i 2008.

POST 7 GEBYR – SIVILE GJEREMÅL

Posten skal dekkje gebyrinntekter i samband med den sivile rettspleia på grunnplanet – dvs. gebyr for tvangsforretningar og forliksrådsbehandling.

På bakgrunn av erfaringstal, rekneskapstal hittil i år og venta utvikling foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga med 75 mill. kroner i 2008. Reduksjonen i inntektene skuldast i første rekkje nedgang i talet på saker i forliksrådet.

Kap. 441 Oslo politidistrikt

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Posten dekkjer alle ordinære driftsutgifter i Oslo politidistrikt.

Justisdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 441 post 1 med 2,2 mill. kroner på grunn av ei venta auke i talet på produserte pass.

Kap. 455 Redningstenesta

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten dekkjer alle ordinære driftsutgifter og investeringar for hovudredningsentralen, redningshelikoptertenesta og anskaffingsprosjektet for nye redningshelikopter.

Den døgnkontinuerlege vaktordninga i redningshelikoptertenesta vert frå 1. juli 2008 utvida til også å omfatte Rygge og Ørland. Kostnadane knytt til legeberedskapa blir finansiert av Justisdepartementet. I 2008 blir det foreslått å overføre 3,84 mill. kroner frå kap. 455 post 1 til Helse- og omsorgsdepartementet. I samband med dette blir det foreslått å auke kap. 732 post 72 med 2,04 mill. kroner og kap. 732 post 74 med 1,8 mill. kroner.

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til å engasjere private selskap, t.d. helikopterorganisasjonar i det enkelte redningstilfelle, refusjon til frivillige hjel-

parar for innsats i redningstenesta, forbruk og erstatning av materiell m.m. Det er opp til den enkelte hovudredningssentral å vurdere behovet og omfanget for bistand frå frivillige organisasjonar og private selskap. Kostnadane blir refundert i tråd med retningslinjer frå Justisdepartementet. Forbruket på posten er vanskeleg å berekne, då utgiftene varierer med talet på og omfanget av redningsaksjonar.

Gjeldande løyving på posten er 7,517 mill. kroner i 2008. Prognosar for 2008 tilseier eit forbruk på 11 mill. kroner, dvs. eit meirbehov på 3,5 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving. Justisdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 455 post 21 med 3,5 mill. kroner.

Kap. 461 Særskilde ulykkeskommisjonar

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Stortinget har gjort vedtak om å oppnemne ein undersøkingsskjemisjon etter fiskefartøyet "Western" sitt forlis 6. februar 1981 og å løyve 7 mill. kroner til dekning av utgifter knytt til kommisjonen sitt arbeid. Arbeidet har blitt meir omfattande enn ein rekna med, særleg knytt til undersøkingar av delar av vraket. Dette har også ført til høgare utgifter til arbeidet i kommisjonen. Det er derfor behov for ytterlegare midlar utover løyvinga som blei sett av til kommisjonen på 7 mill. kroner. Justisdepartementet foreslår på denne bakgrunn å auke løyvinga på kap. 461 post 1 med 0,5 mill. kroner i 2008. Eventuelt behov for tilleggsmidlar utover dette blir dekt innanfor rammene av posten, mellom anna frå gjenståande løyving til Ålesundsutvalet.

Kap. 466 Særskilde straffesaksutgifter m.m.

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til salær og reise- og kostgodtgjersle til forsvarar, bistandsadvokatar, tolkar og sakkunnige som er oppnemnde av retten i den enkelte sak eller av Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker. Løyvinga dekkjer også tapt arbeidsforteneste til ikkje-salærberettiga tolkar og sakkunnige i straffesaker. Løyvinga dekkjer dessutan salær og reise- og opphaldsutgifter til aktor i militære straffesaker, enkelte utgifter i sivile saker og utgifter i Justisdepartementet til oversetting i rettsoppmodning og utleveringssaker. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling foreslår Justisdepartementet å auke løyvinga på kap. 466 post 1 med 95 mill. kroner.

Kap. 470 Fri rettshjelp

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til sakkunnige og meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakførsel.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga på kap. 470 post 1 med 0,5 mill. kroner.

POST 70 FRI SAKFØRSEL

Løyvinga på posten skal gå til å dekkje utgifter til advokat i saker der det er gitt heil eller delvis fri sakførsel.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga på kap. 470 post 70 med 6 mill. kroner.

POST 71 FRITT RETTSRÅD

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til advokatar og rettshjelparar i saker der det er gitt fritt rettsråd.

På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og venta utvikling blir det foreslått å redusere løyvinga på kap. 470 post 71 med 5 mill. kroner.

Kap. 3470 Fri rettshjelp

POST 1 TILKJENDE SAKSOMKOSTNINGAR M.M.

Saksomkostningar tilkjent staten i benefiserte saker blir førte under posten.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling blir det foreslått å nedjustere løyvinga på kap. 3470 post 1 med 1,5 mill. kroner.

Kap. 471 Staten sitt erstatningsansvar

POST 72 ERSTATNING ETTER STRAFFEFORFØLGING, OVERSLAGSLØYVING

Etter straffeprosesslova kap. 30 og 31, jf. forskrift om standardsatsar for erstatning etter urettkommen straffeforfølgning, har ein sikta rett til erstatning for økonomisk tap og til oppreisning etter faste satsar for krenking eller anna skade av ikkje-økonomisk art dersom vedkomande blir frifunne, forfølgninga mot vedkomande blir innstilt, eller vedkomande har vore pågripen eller fengsla i strid med sentrale menneskerettskonvensjonar. Løyvinga på posten er regelstyrt.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga på kap. 471 post 72 med 6 mill. kroner

Kap. 475 Bubehandling

POST 21 SPESIELL DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til gransking av konkurs- og tvangsavviklingsbo iht. Justisdepartementet si særskilde garantiordning og utgifter til drift av Konkursrådet.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling foreslår Justisdepartementet å auke løyvinga på kap. 475 post 21 med 0,5 mill. kroner.

Andre saker

AVHENDING AV VEGAREAL VEDERLAGSFRITT FRÅ STATEN V/JUSTISDEPARTEMENTET TIL ULLENSAKER KOMMUNE

Justisdepartementet har fått førespurnad frå Sletta Burettslag v/Kriminalomsorga region nordaust om avhending av veggrunn frå staten v/Justisdepartementet til Ullensaker kommune. Vegen blir nytta av Sletta burettslag ved Ullersmo fengsel, og tilhører staten.

Fengselet og burettslaget har i dag alt vedlikehald av vegen. Kommunen vil overta vedlikehaldet mot at eigedomen blir overført vederlagsfritt til dei. Vegarealet er 1 740 kvadratmeter og har ein marknadsverdi på 350 000 kroner. Vedlikehaldskostnadane for vegen er berekna til omtrent 10 000 kroner pr. år. Snøbrøyting kjem i tillegg til dette. Kommunen er ikkje villig til å overta vedlikehaldet med mindre eigedomen blir overdratt til dei.

På bakgrunn av at eigedomen er av liten verdi samt at vedlikehald fører til årlege kostnader, foreslår Justisdepartementet følgjande romertalsvedtak:

"Stortinget samtykkjer i at deler av staten sin eigedom, gnr. 29, bnr. 268 blir overdratt vederlagsfritt til Ullensaker kommune."

2. MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, leiaren Anne Marit Bjørnflaten, Thomas Breen, Ingrid Heggø og Hilde Magnusson Lydvo, frå Framstegspartiet, Jan Arild Ellingsen, Solveig Horne og Morten Ørsal Johansen, frå Høyre, Elisabeth Aspaker og André Oktay Dahl, og frå Sosialistisk Venstreparti, Akhtar Chaudhry, viser til den framlagte proposisjonen.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet og Sosialistisk Venstreparti, understreker at den vanskelige situasjonen knyttet til bemanning i politiet har utviklet seg over tid og at det de siste årene er tatt flere viktige grep for å bedre situasjonen. Viktigst er økningen i opptaket ved Politihøgskolen som i 2009 vil være på rekordhøye 552 studenter. Flertallet viser videre til at Regjeringen i forslag til statsbudsjett for 2009 øker politibudsjettet med til sammen 216 mill. kroner (789 mill. kroner nominelt). Dette gjør det mulig for politidistriktene og særorganene å øke antall årsverk med om lag 250.

Flertallet er svært fornøyd med at Regjeringen i angjeldende sak foreslår å øke bevilgningen til politiet med 46,6 mill. kroner totalt i inneværende års

budsjett og at det i tillegg kan omdisponeres 5,5 mill. kroner. Det betyr at politidistriktene kan få en styrking av driftsbudsjettene på 52 mill. kroner i år. I 2008 har det vært en reell styrking på 365 mill. kroner. Den økte bevilgningen knytter seg i utgangspunktet til økte kostnader til produksjon av pass og utgifter til voldsalarmer. Disse midlene kan nå i stedet Politidirektoratet frigjøre til å styrke driftsbudsjettene i politidistriktene. Blant annet vil midlene kunne brukes til å ansette flere sivile for å styrke bemanningen. Midlene vil således kunne bedre bemanningen i politiet i en situasjon hvor mange polititjenestemenn nekter å arbeide overtid.

Flertallet viser til at dette kommer i tillegg til den styrkingen av politiet det er lagt opp til i statsbudsjettet for 2009 og viser for øvrig til komiteens merknader til St.prp. nr. 1 (2008–2009).

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet foreslår å øke driftsbudsjettet til politiet med 52 mill. kroner hvorav 18 mill. kroner skal gå til politiet i Oslo (kap. 441) og resten til politiet og lensmannsetaten for øvrig (kap. 440).

Disse medlemmer ønsker en vesentlig styrking av driftsbudsjettet for å gi etaten nødvendig handlingsrom. Videre mener disse medlemmer det må iverksettes strakstiltak for å bedre bemanningssituasjonen i politiet, og dette krever utvidede økonomiske rammer allerede i år.

Disse medlemmer ønsker videre å bevilge 52 mill. kroner til investeringer i politiet (kjøretøyer, utstyr etc.) med samme fordelingsnøkkel som for drift. Disse medlemmer ser at politietaten har et vesentlig behov for oppdatert materiell. Dette gjelder både kjøretøyer og sikkerhetsutstyr. Disse tingene er av stor betydning for å kunne utføre en effektiv tjeneste. Bevilgningene gjøres overførbare til 2009. Det vises for øvrig til bevilgningsforslag i Innst. S. nr. 104 (2008–2009).

Disse medlemmer viser også til Innst. S. nr. 104 (2008–2009) og forslag fremmet i finanskomiteen om å bevilge 4 mill. kroner ekstra til redningstjenesten, nærmere bestemt Hovedredningssentralen Sør-Norge. Bevilgningsforslaget er merket "kan overføres". Disse medlemmer mener det er svært viktig at redningstjenesten ikke blir rammet av for små bevilgninger og er av den oppfatning at det vil være uheldig dersom noe av driften må innstilles på grunn av økonomiske problemer. For øvrig viser disse medlemmer til brevet som er sendt fra Hovedredningssentralen Sør-Norge til Justisdepartementet, hvor det redegjøres for denne problemstillingen.

Komiteens medlemmer fra Høyre viser til at det i høst har kommet meldinger fra hele landet

som tydelig viser at beredskapen er svekket, og at politiet stadig oftere mangler kapasitet til å følge opp lovbrudd og henvendelser fra publikum. Disse medlemmer viser til at det for øyeblikket er flere hundre ledige stillinger ute i politidistriktene, noe som ifølge flere politimestre er nødvendig for å få driftsbudsjettene til å gå rundt. Effekten av innføringen av nye arbeidstidsbestemmelser fra 1. juli 2007 medførte også at operative ressurser tilsvarende 120 stillinger forsvant over natten, uten at Regjeringen har satt inn tiltak for å avhjelpe situasjonen. Politibemanningen i helgene er i dag avhengig av at politifolk jobber overtid. Disse medlemmer mener det er svært bekymringsfullt at en av bærebjelkene for trygghet og sikkerhet i samfunnet synes å være et overtidbasert system.

Disse medlemmer har merket seg at regjeringspartiene mener at den foreslåtte ekstrabevilgning

gen vil bedre driftssituasjonen ute i distriktene. Disse medlemmer stiller seg tvilende til at det vil skje, og mener det er villedende å fremstille en tilleggsbevilgning i høst for å kompensere for høyere kostnader til voldsalarmer og nye biometriske pass, som et bidrag til styrking av politioperativ tjeneste i 2009.

Disse medlemmer viser også til at mye tyder på at Regjeringens bevilgninger for 2009 reelt sett ikke medfører en økning i driftsbudsjettene, noe som gjør at publikums trygghet kan bli ytterligere redusert i 2009. Disse medlemmer mener det nå er behov for et større løft, der fokus på et stort antall nye sivile stillinger og målrettede seniortiltak er det eneste som kan bedre situasjonen på kort sikt. Disse medlemmer vil i denne sammenhengen vise til at Høyre i sitt alternative budsjett for 2009 foreslo å bevilge 220 mill. kroner mer til politiet enn Regjeringen.

3. TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgende endringer:

I

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
410		Tingrettane og lagmannsrettane	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 1 383 598 000 til kr 1 379 598 000	4 000 000
	21	Spesielle driftsutgifter, vert auka med frå kr 49 750 000 til kr 53 750 000	4 000 000
413		Jordskifterettane	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , vert redusert med frå kr 6 239 000 til kr 5 239 000	1 000 000
414		Forliksråd og andre domsutgifter	
	1	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 98 003 000 til kr 116 003 000	18 000 000
	21	Spesielle driftsutgifter, vert auka med frå kr 39 249 000 til kr 42 249 000	3 000 000
430		Kriminalomsorga si sentrale forvaltning	
	1	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 2 328 459 000 til kr 2 337 516 000	9 057 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttas under kap. 430 post 1</i> , vert auka med frå kr 54 785 000 til kr 58 279 000	3 494 000
	60	Refusjonar til kommunene, forvaringsdømte o.a., <i>kan overføres</i> , vert redusert med frå kr 27 200 000 til kr 20 200 000	7 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
432		Kriminalomsorga sitt utdanningssenter (KRUS)	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 196 446 000 til kr 195 676 000	<u>770 000</u>
440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	1	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 7 741 574 000 til kr 7 785 974 000	<u>44 400 000</u>
	21	Spesielle driftsutgifter, vert redusert med frå kr 74 929 000 til kr 69 929 000	<u>5 000 000</u>
441		Oslo politidistrikt	
	1	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 1 539 385 000 til kr 1 541 585 000	<u>2 200 000</u>
455		Redningstenesta	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 494 577 000 til kr 490 737 000	<u>3 840 000</u>
	21	Spesielle driftsutgifter, vert auka med frå kr 7 517 000 til kr 11 017 000	<u>3 500 000</u>
461		Særskilde ulykkeskommisjonar	
	1	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 3 664 000 til kr 4 164 000	<u>500 000</u>
466		Særskilde straffesaksutgifter m.m.	
	1	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 671 483 000 til kr 766 483 000	<u>95 000 000</u>
470		Fri rettshjelp	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 5 328 000 til kr 4 828 000	<u>500 000</u>
	70	Fri sakførsel, vert redusert med frå kr 404 073 000 til kr 398 073 000	<u>6 000 000</u>
	71	Fritt rettsråd, vert redusert med frå kr 159 949 000 til kr 154 949 000	<u>5 000 000</u>
471		Staten sitt erstatningsansvar	
	72	Erstatning for uberettiga straffeforfølgning, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med frå kr 34 018 000 til kr 28 018 000	<u>6 000 000</u>
475		Bubehandling	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , vert auka med frå kr 7 587 000 til kr 8 087 000	<u>500 000</u>
Inntekter			
3410		Rettsgebyr	
	1	Rettsgebyr, vert auka med frå kr 138 821 000 til kr 168 821 000	<u>30 000 000</u>
3412		Tinglysingsprosjektet	
	2	Gebyrinntekter, fast eigedom, vert redusert med frå kr 1 057 185 000 til kr 1 000 185 000	<u>57 000 000</u>

Kap.	Post	Formål	Kroner
3413		Jordskifterettane	
	2	Sideutgifter, vert redusert med frå kr 6 310 000 til kr 5 310 000	<u>1 000 000</u>
3430		Kriminalomsorga si sentrale forvaltning	
	2	Inntekter frå arbeidsdrifta, vert auka med frå kr 48 359 000 til kr 54 253 000	<u>5 894 000</u>
	3	Andre inntekter, vert auka med frå kr 17 238 000 til kr 20 802 000	<u>3 564 000</u>
	4	Tilskudd, vert redusert med frå kr 1 508 000 til kr 1 400 000	<u>108 000</u>
3432		Kriminalomsorga sitt utdanningssenter (KRUS)	
	3	Andre inntekter, vert redusert med frå kr 1 470 000 til kr 700 000	<u>770 000</u>
3440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	1	Gebyrer, vert auka med frå kr 257 440 000 til kr 281 640 000	<u>24 200 000</u>
	6	Gebyrer – utlendingssaker, vert redusert med frå kr 112 830 000 til kr 92 830 000	<u>20 000 000</u>
	7	Gebyrer – sivile gjeremål, vert redusert med frå kr 540 021 000 til kr 465 021 000	<u>75 000 000</u>
3470		Fri rettshjelp	
	1	Tilkjente saksomkostningar m.m., vert redusert med frå kr 3 000 000 til kr 1 500 000	<u>1 500 000</u>
5630		Aksjer i Norsk Eigedomsinformasjon as	
	85	Utbytte, vert auka med frå kr 8 100 000 til kr 12 640 000	<u>4 540 000</u>

II

Stortinget samtykkjer i at:

Deler av staten sin eigedom, gnr. 29, bnr. 268 blir overdratt vederlagsfritt til Ullensaker kommune.

Oslo, i justiskomiteen, den 9. desember 2008

Anne Marit Bjørnflaten

leiar og ordførar

